



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

NVE
nve@nve.no

Dykkar ref.:
Saksnr. 200703928

Vår ref. (refererast ved svar):
19N/20

Dato: 24.06.2020

Høyringsuttale om prosjektendring og utsett byggjefrist, kraftverk i Gravdalen

Me syner til e-post av 3. april med orientering om søknad om prosjektendring og utsett byggjefrist for kraftverk i Gravdalen. Villreinnemnda handsama saka i møte 22. juni.

Villreinnemnda vil på det sterkaste rå i frå å opne for prosjektendingar og å gje utsett byggjefrist. Prosjektendinga inneber eit kraftverk i større konflikt med villrein enn opphavleg prosjekt. Byggeperioden vil utgjere fleire års forstyrring av dette svært sårbare området, og dette vil dessutan skje parallelt med at ein vil freiste å reetablere villreinstamma i Nordfjella. Me syner og til tidlegare høyringsuttale (sak 10-N/09) og tilleggs-skriv (sak 10.2-N/09), og bed om at momenta som kjem fram vert tillagt vekt.

Me vil og minne om vårt nasjonale ansvar for villreinen i området, som vart ytterlegare auka då KLD i 2017 opna dei Europeiske villreinregionane. Nordfjella ligg i den sørlege av dei to regionane.

Kopi frå møtebok:

Sak 5 Høyringsuttale til søknad om utsett byggefrist og prosjektendring, kraftverk i Gravdalen, Lærdal

Østfold Energi har søkt om utsett byggefrist og planendring for ein til no urealisert konsesjon for bygging av kraftverk i Gravdalen i Lærdal. Villreinnemnda var opphavelg i mot konsesjonen.

Dokument i saka:

- Høyringsbrev frå NVE, vedlagt utsetjings- og endringssøknaden
- Opphavleg konsesjonssøknad for Gravdalen frå Østfold Energi, 2008
- Villreinnemnda sin tidlegare uttale i saka, sak 10-N/09 (mai 2009)
- Villreinnemnda sin merknad til OED ang. NVE sin innstilling, sak 10.2-N/09, (august 2013)
- Brev frå OED med orientering om konsesjon og pålegg om å delta i merkeprosjekt, mai 2015
- Lærdal kommune sin høyringsuttale til utsetjings og endringssøknaden

Dokumentlista er ikkje uttømmende.

Saksutgreiing

Østfold Energi fekk konsesjon for bygging av kraftverk i Gravdalen i Lærdal i 2015. Kraftverket skal m.a. utnytte restvassføring frå tidlegare utbygging. I etterkant av at konsesjonen vart gjeven, skrinla Østfold Energi prosjektet på grunn av låge kraftprisar som gjorde prosjektet ulønsamt. Konsesjonen har byggjefrist på 5 år. Fristen nærmar seg, og selskapet vil ikkje nå fristen dersom dei no bestemmer seg for å bygge likevel. Selskapet har funne fram til ei



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

alternativ utbygging som likevel kan verte lønsam. Dei har send inn ein søknad om godkjenning av endra planar. Samstundes søker dei om utsett byggjefrist.

Konsesjonssaka var svært omstridd. Gravdalen ligg midt i ei sentral trekkroute, og dessutan innanfor kalvingsområde til villrein. Både villreinforvaltninga for Nordfjella og Miljødirektoratet tilrådde å avslå søknaden av omsyn til villrein. Lærdal kommune var positive til konsesjon på det tidspunktet.

Lærdal kommune har no send inn ei uttale som rår i frå utsettinga av fristen:

« Kommunestyret rår frå at det vert gjeve løyve til planendring av Gravdalen kraftverk slik søknaden ligg føre, og rår til at det ikkje vert gjeve utsett byggjefrist til utbygginga.

Kommunestyret rår og til at det ikkje vert gjeve fritak til Østfold Energi frå deltaking i GPSprosjektet. På grunn av den endra situasjonen og auka sårbarheita til villreinen i Nordfjella knytt til reetableringsfasen og samanfallande anleggsperiode, kan ikkje kommunestyret stille seg positiv til planendringssøknaden som ligg føre. Tiltaket er ikkje i tråd med Regionalplan for Nordfjella villreinområde og nasjonale og regionale føringar om å ivareta leveområda til villreinen mest mogleg utan nye inngrep.

Dersom NVE likevel finn at planendringssøknaden skal godkjennast, vil kommunestyret sterkt rå til at desse vilkåra vert sett til løyvet:

- Anleggsperioden vert gjennomført og avslutta før reetableringsfasen av villreinstamma i Nordfjella vert starta. Dersom noko mindre arbeid står att, skal dette gjennomførast i sommarmånadane etter kalvingstida er ferdig.*
- Det kan ikkje etablerast anlegg som kan verke som barrierar for villrein. Det vil sei at røyr må gravast heilt ned, nye vegar må skråast i kantane og det kan ikkje gjennomførast tidleg brøyting av vegar (berre mindre snøfonner ved opning av vegen kring 1. juli)*
- Kraftstasjonen må etablerast i fjell/under bakken som tidlegare planlagd*
- Dersom anleggsdrift vert tillete ut i reetableringsfasen for villreinstamma: Det vert sett strenge restriksjonar for anleggsdrifta. Det må blant anna vere minimalt med snøscooterkøyring i området knytt til drift og vedlikehald av anlegget, spesielt i kalvingsperioden til villreinen. Direkte overflyging med helikopter over reinsdyra må unngåast, og bruk av helikopter må vere forbode før, under og rett etter kalvingsperioden. Restriksjonar og vilkår bør utarbeidast i tett dialog med Villreinnemnda.*
- Det vert ikkje gjeve fritak frå deltaking i GPS-prosjektet.*
- Det vert sett krav om at Østfold Energi betalar inn årleg sum til kommunalt fond for forvaltning av villrein i Nordfjella.*

Kommunestyret vil og sterkt rå til at eit eventuelt vedtak om å gje løyve til planendringa, vert gjort på bakgrunn av eit betre kunnskapsgrunnlag enn det som ligg føre i søknaden i dag om konsekvensane anlegget kan ha for villreinen i både anlegg- og driftsperioden vurdert opp mot endringane i søknaden og



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

reetableringsfasen til villreinen i Nordfjella, jf. Naturmangfaldlova § 7 og §§ 8-12».

Det ligg ved ei grundig saksutgreiing, som på ein god måte får fram problema med å gje utsett byggefrist. Me syner til saksutgreiinga frå Lærdal kommune.

Saken var på høyring i 2009. NVE sende si innstilling til OED i 2013. Då hadde me fått ny kunnskap, mykje takka være GPS-merkte dyr som synte korleis området vart nytta. Villreinnemnda sende difor inn eit tilleggs-skriv, direkte til OED, i samband med handsaminga av konsesjonen.

Gravdalen er peikt ut som eit fokusområde for forvaltinga, der ein vil freiste å dempe / forebygge konflikt. Ein har fått ytterlegare fleire år med GPS-data, som stadfester kor sentralt området er, både for trekk og som kalvingslokalitet, der ein har hatt kalving på begge sider av Gravdalen, og med trekk i samband med kalvinga gjennom dalen, ei rekke år på rad.

For å redusere kostnadar er kraftverket tenkt delvis trekt fram i dagen, noko som potensielt vil kunne auke konfliktnivået i driftsfasen. Faren for auka konflikt er ikkje utgreidd.

Søknaden om utsett byggefrist peikar på at villreinen er skoten ut frå området, men seier ingenting om den planlagde reetableringa. Det undrar oss at Østfold Energi ikkje skal ha kjennskap til dette. Slik det går fram av saksutgreiinga til Lærdal kommune i saka, vil byggeperioden samanfalle med den perioden ein vil freiste å bygge opp ei ny stamme i området. Dette gjer at prosjektet som allereie er i stor konflikt med villrein, vil verte heilt uakseptabelt.

Framlegg til vedtak i høyringsuttale:

Villreinnemnda vil på det sterkaste rå i frå å opne for prosjektendringar og å gje utsett byggefrist. Prosjektendringa inneber eit kraftverk i større konflikt med villrein enn opphavleg prosjekt. Byggeperioden vil utgjere fleire års forstyrning av dette svært sårbare området, og dette vil dessutan skje parallelt med at ein vil freiste å reetablere villreinstamma i Nordfjella. Me syner og til tidlegare høyringsuttale (sak 10-N/09) og tilleggs-skriv (sak 10.2-N/09), og bed om at momenta som kjem fram vert tillagt vekt.

Handsaming

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke. Det vart understreka at Nordfjella ligg innanfor den sørlege av dei to Europeiske villreinregionane som vart opna av Klima- og Miljødepartementet i september 2017.

Vedteken uttale

Villreinnemnda vil på det sterkaste rå i frå å opne for prosjektendringar og å gje utsett byggefrist. Prosjektendringa inneber eit kraftverk i større konflikt med villrein enn opphavleg prosjekt. Byggeperioden vil utgjere fleire års forstyrning av dette svært sårbare området, og dette vil dessutan skje parallelt med at ein vil freiste å reetablere villreinstamma i Nordfjella. Me syner og til tidlegare høyringsuttale (sak 10-N/09) og tilleggs-skriv (sak 10.2-N/09), og bed om at momenta som kjem fram vert tillagt vekt.

Med helsing villreinnemnda, Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Runar Tufto
leiar

Siri Wølneberg Bøthun
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje fysisk signatur



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Kopi til:

Lærdal kommune
Fylkesmannen i Vestland
Miljødirektoratet
Villreinvualet for Nordfjella